



Tippetue Arkitekter As  
Vetrilidsallmenningen 29  
5014 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/7292 - 23/75584

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
28.09.2023

## **Tilbakemelding på spørsmål om endringssøknad - gbnr 138/21 Tveiten øvre**

Viser til spørsmål om korleis endre tidlegare utført seksjonering.

For å få endra tidlegare seksjonering, må de senda inn søknad om reseksjonering- sjå vedlagt søknadsskjema, og vegleiiing til utfylling av søknaden. Det er ganske god forklaring her.

Styreleiar i sameiget kan signera søknaden om reseksjonering. Då det vert oppretta ein ny seksjon må det gjerast vedtak i årsmøtet.

Søknadsskjema og teikningar mm skal leverast kommunen i 2 like eksemplar. ( originalar)  
De må sjekka ut om endringane de vil gjera eventuelt krev godkjenning etter plan- og bygningsloven eller ikkje. (om noko areal endrar bruk)

Det skal leggst ved 2 sett av dei opprinneleg seksjoneringsteikningane, og 2 sett med nye teikningar. Eventuelle andre vedlegg skal sendast inn i 1 eks. t.d. dersom det er endringar i vedtekter må desse sendast inn.

Alle seksjonseigarar som vert berørt av reseksjoneringa, skal signera i skjemaet- bruk fleire like sider, eller eige ark dersom det er for lite plass.

Dersom det er tinglyst uråderett på nokon av seksjonane som er berørt av endringane, må det ligga føre samtykke til reseksjonering.

Håpar dette er nok informasjon til at de får utarbeida søknad om reseksjonering. Me har ikkje hatt så mange reseksjoneringar i kommunen den siste tida og har difor ikkje inngåande kjennskap til slike saker. Dersom de er noko de ikkje finn ut av, vil me sjølvsagt prøva å hjelpa så langt me kan.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

soknad-om-reseksjonering  
veiledning-til-utfylling-av-soknadskjema-reseksjonering-

**Mottakarar:**

Tippetue Arkitekter As

Vetrlidsallmenningen 29

5014

BERGEN